Distriktssenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

# Årsrapport 2014



Engasjement på bulystkonferanse om tilflytting og inkludering på Frøya i oktober 2014 (foto: Kysten er klar)

## Innhald


Del I – Innleiing frå direktøren ... 3

Del II – Introduksjon og hovudtal ... 5

Verksemd og samfunnsoppdrag ... 5

Utvalde hovudtal ... 5

Organisasjonen ... 6

Del III – Aktivitetar og resultat ... 7

Oppnådde resultat ... 7

Ressursbruk ... 9

Oppdrag i tildelingsbrevet ... 10

Ekstern evaluering ... 13

Del IV - Styring og kontroll ... 14

Del V – Vurdering av framtidsutsikter ... 16

Del VI – Årsrekneskap ... 17

Innleiing ... 17

Leiinga sine kommentarar ... 17

Prinsippnote til årsrekneskapen ... 18

Løyvingsrapporteringa ... 18

Artskontorapporteringa ... 18

Vedlegg ... 24

Kommuneundersøkinga 2014 ... 24

## Del I – Innleiing frå direktøren

For Distriktssenteret har 2014 vore eit år prega av høg aktivitet, intern omstilling, endra arbeidsformer og nye samarbeidspartar. Vi er nøgde med vi gjer mykje riktig og meiner vi leverer godt på måla våre.

Visjonen vår er å vere pådrivar og inspirator for lokalsamfunnsutvikling. Vi arbeider heile tida for å oppfylle den gjennom mange former for kunnskapsbygging, formidling og rettleiing. I 2014 har vi arbeidd ekstra mykje med oppdraga vi har fått rundt Byregionprogrammet og kommunereformea Dette er nasjonale initiativ som har mykje med lokalsamfunnsutviklinga å gjere. Det er ein av grunnane til at vi stilte tankesmia vår spørsmålet: K*orleis kan kommunereformen bidra til lokal samfunnsutvikling?*

Den årlege kommuneundersøkinga vi gjennomfører henta i år inn tilbakemeldingar frå i overkant av 300 kommunar, først og fremst gjennom ordførarar og rådmenn. Undersøkinga viser at vi er betre kjent enn nokon gong. 81 prosent av dei som svara kjenner til oss. I 2012 var talet 69 prosent, i 2011 52 prosent. Kommunereform, Byregionprogrammet, nettsidene og ulike tenester knytt til utviklingsarbeid går att som tenester dei kjenner til eller har brukt. Indeksen som viser kva dei som har brukt oss meiner om nytteverdien av tenestene viser ein snittkarakter på 3,66 på ein skala frå 1-5. Det viser at vi har meir å gå på, men også at vi utgjer ein forskjell for mange kommunar. Vi er stolte over at medarbeidarane våre vert vurdert til i svært stor å leve ut verdiane våre *folkeleg, kompetent og engasjert*.

I 2014 har vi møtt nye samarbeidspartar. Vi har bygd opp ein tett dialog med mange fylkesmenn, der vi skal bidra med kunnskap og innspel til prosessar i kommunereforma. I Byregionprogrammet har vi møtt kommunar vi ikkje har hatt kontakt med før.

I samsvar med evalueringsrapporten om oss som Oxford Research leverte i mars 2014, har vi lagt større vekt på kunnskapslevering som tek utgangspunkt samanstilling. Vi har sjølv skrive to rapportar der vi har samanstilt kartleggingar om høvesvis gjennomførte kommunesamanslåingsprosessar og norske regionalparkar. Vi har lært mykje av dette arbeidet, og har hatt god hjelp av samspelet med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine fagavdelingar for å levere i samsvar med forventningar og behov der. I møte med innspela i evalueringrapporten og behova vi sjølv har kjent på, har vi også arbeidd for å styrke kompetansen vår på analyse gjennom målmedviten rekruttering og organisering av arbeidet.

Leiargruppa i Distriktssenteret har ei tydeleg oppfatning av at dei organisasjonsmessige endringane vi innførte ved starten av 2014 har vore med på å styrke evna til å levere fagleg godt. Vi har også gjort endringar i ulike verktøy med god verknad.

Arbeidet med nasjonale initiativ har teke mykje ressursar, og vi har ikkje vore i dialog med enkeltkommunar på same måte og i same omfang som tidlegare. Likevel har vi mykje konktakt med kommunane. Skilnaden er at vi i større grad møter kommunane i grupper enn vi gjorde før. Det har fordelen at vi får oversikt over aktiviteten og utfordringane hos mange. På same tid har vi mindre kapasitet til å bidra til enkeltkommunar som ønskjer rettleiing.

Distriktssenteret har følgt opp økonomien strengt i løpet av året, og har hatt strammare rammer enn tidlegare. Vi har hatt færre bestillingar til forskingsmiljø, men det har falle saman med auka analyse- og samanstillingsaktivitet internt. Det har gitt stor verdi å finne andre måtar å hente inn kunnskap. Arbeidsverkstader der vi har samla både forskarar og praktikarar kring konkrete utfordringar har gitt mykje påfyll til oss, på same tid som det byggjer nettverk og skapar rom for umiddelbar kunnskapsformidling til andre. Også framover vil det vere ei utfordring å finne god balanse mellom formene for kunnskapsinnhenting. Vi vil halde fram med å prøve ut nye arbeidsformer og arbeide for systematisk og god innhenting og formidling.

Vurderinga vår er at Distriktssenteret har god styring og kontroll over drifta. Etablerte system fungerer godt og Riksrevisjonen sine ettersyn har til no vore utan merknader. Medarbeidarane trivst godt. Det viser att i det svært låge sjukefråværet.

Medarbeidarane og leiarane i Distriktssenteret har arbeidd svært godt gjennom året. Det er den

viktigaste årsaka til at eg kan konstatere at vi har nådd måla for 2014 på ein god måte.

Steinkjer 23. mars 2015

Halvor Holmli
direktør
Distriktssenteret
- Kompetansesenter for distriktsutvikling

# Del II – Introduksjon og hovudtal

## *Verksemd og samfunnsoppdrag*

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan som administrativt ligg under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)[1].

Verksemdsideen vår er å styrke grunnlaget for vekstkraftige kommunar og regionar i heile landet gjennom å hente inn, samanstille og formidle erfaring og forsking om lokalsamfunnsutvikling. Vi har som visjon å vere pådrivar og inspirator for lokalsamfunnsutvikling[2].

### Hovudmål

*Kompetansesenter for distriktsutvikling skal innhente, samanstille og formidle erfaring og forsking om lokalsamfunnsutvikling til beste for vekstkraftige kommunar og regionar i heile landet, og skal:*

- *Inspirere og vere ein støttespelar for lokale utviklingsaktørar*
- *vere premissleverandør for utvikling av regionalpolitikken*
- *vere ein effektiv og velfungerande organisasjon*

### Samarbeid med andre

Distriktssenteret har eit tett samarbeid med dei fleste fylkeskommunane, og har formalisert samarbeidet gjennom samarbeidsavtalar med 12 fylkeskommunar. I arbeid knytt til kommunereforma samarbeider vi med fylkesmennene.

I tillegg til fagleg samarbeid med eigardepartementet Kommunal- og moderniseringsdepartementet, har vi på ulike måtar kontakt med både Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) og Arbeids- og sosialdepartementet (ASD). Vi har eit aktivt samarbeid med Husbanken og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Vi har også dialog med KS, spesielt i samband med kommunereforma

## *Utvalde hovudtal*

| | |
|---|---|
| Tal årsverk | 25 |
| Samla tildeling post 01-99 | 30 231 000 |
| Utnyttingsgrad post 01-29 | 97,8 % |
| Driftskostnader | 29 558 972 |
| Lønsandel av driftskostnader | 55,78 % |
| Lønnskostnader per årsverk | 659 470 |

**Tabell 1** Utvalde hovudtal frå 2014

Fullstendig rekneskap ligg i del VI




**Figur 1:** Gruppering av driftskostnader, tal i millionar kroner.

[1] Vedtekter for Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling (Kgl.res 9.5.2008)
[2] Strategisk plattform 2012-2015

## *Organisasjonen*




**Figur 2** Organisasjonskart med fordeling av tilsette mellom kontora i Sogndal, Alstahaug og Steinkjer

# Del III – Aktivitetar og resultat

## *Oppnådde resultat*

Det er på det næraste uråd å isolere samfunnseffektane av Distriktssenteret sitt arbeid. I arbeidet med evaluering av senteret i 2013/2014 presiserte Kommunal- og moderniserings-departementet at oppdraget vårt først og fremst er målbart på nivå 3 og 4 i resultatkjeda. For mange ytre faktorar slår inn til at det er mogleg å måle direkte samfunnseffektar av enkelttiltak som er tenkt å ha innverknad på lokal eller regional samfunnsutvikling. Det vi då kan måle om Distriktssenteret er først og fremst om vi leverer dei tenestene som er etterspurd og om brukarane opplever nytte.




**Figur 3:** Målepunkt i resultatkjeda

Hovudmålet til Distriktssenteret er delt i tre. Graden av måloppnåing kan knyttast til kvart enkelt av desse punkta.

### Inspirere og vere ein støttespelar for lokale utviklingsaktørar

For å få eit bilete av kommunane sin kjennskap til og bruk av Distriktssenteret sine tenester, engasjerte vi Opinion til å gjennomføre ei undersøking blant kommunane i slutten av 2014[3]. I overkant av 300 kommunar, først og fremst representert ved ordførarar, svara. I overkant av 100 av desse kjende til at dei hadde brukt tenester frå Distriktssenteret. Desse har også svara på korleis dei vurderer nytteverdien av tenestene. Det vart nytta ein femtrinns skala frå (1) i svært liten grad til (5) i svært stor grad. 57 % av svara var på dei to øvste kategoriane, medan 31 % var midt på skalaen.

[3] Kommuneundersøkinga ligg i vedlegg 1




**Figur 4: Undersøking blant kommunane:** I kva grad opplever du at Distriktssenterets tenester har vore til nytte for din kommune? Vi ber deg svare på ein skala frå 1 til 5 der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad.




**Figur 5: Opplevd nytte av tenester frå Distriktssenteret,** samanlikning med tidlegare år.

Undersøkinga viser at dei som bruker Distriktssenteret opplever nytte av tenestene dei får. Det er likevel rom for betring, både fordi ein stor del av kommunane ikkje nyttar (eller at ordførarane ikkje veit at dei nyttar) Distriktssenteret sine tilbod, og fordi dei kan få endå større nytte av tenestene våre.

Eit anna viktig funn i årets kommuneundersøking, er at kjennskapen til Distriktssenteret har vakse merkbart. Sjølve undersøkinga viser ikkje kva som er årsaka det, men det er grunn til å tru at vi har vorte ein meir synleg aktør for kommunane gjennom både oppgåver i kommunereforma og Byregionprogrammet.




**Figur 6 Kjennskap til Distriktssenteret** - Har du høyrt om Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling?

## Vere premissleverandør for utvikling av regionalpolitikken

### *Ekspertutvalet*

Gjennom 2014 var Distriktssenteret ein aktiv bidragsytar til arbeidet med ekspertutvalet sin rapport *Kriterier for god kommunestruktur.* Bidraget vårt hadde to former. For det første som kunnskapsleverandør til direktør Halvor Holmli som deltakar i ekspertutvalet. Vidare hadde vi eit aktivt samarbeid med sekretariatet for ekspertutvalet for å levere tekstleg innhald til delrapporten. Slik vi vurderer det, gjorde vårt bidrag at det kom med perspektiv som elles ikkje hadde vore med i rapporten.

### *Rapportar*

I 2014 har Distriktssenteret levert to rapportar frå kartleggingar vi har gjort på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### Regionalparker i Norge - Hva er oppnådd og hva er merverdien?

Denne rapporten er resultatet av ei kartlegging av samarbeid og resultat i seks regionalparkar. Denne viste at etablering av regionalparkar er med på å gi eit større engasjement til verdiskaping i regionen. Styrka samhandling og nettverkbygging er den viktigaste og mest grunnleggande meirverdien regionalparkarbeidet gir for å bidra til ny utvikling. Dei norske regionalparkane ønskjer eit tydlegare engasjement frå staten. Det handlar m.a. om anerkjenning for å bruke regionalparkane som ein utviklingsarena, der sektorovergripande tenking og arbeid for utvikling og verdiskaping er ein raud tråd.

#### Kunnskap og erfaringar frå prosesser med kommunesamanslåing

I denne samanstillinga blir kunnskap og erfaringar frå 14 kommunesamanslåingsprosessar på 2000-talet oppsummert. Sju av prosessane enda i samanslåing, sju vart avslutta utan samanslåing. Rapporten konsentrerer seg om prosessen fram til vedtak, og fortel at ein god prosess gjer at innbyggarane får vite kva dei får og kva dei mister når dei skal ta stilling til kommunesamanslåing. Rapporten understreker behovet for at lokale politiske og administrative leiarar er i førarsetet. Den fortel og at opne og inkluderande prosessar tilpassa ulike interessentgrupper er viktig.

### *Anna arbeid*

Siste del av 2014 sette vi i gang arbeidet med å lage ein lokaldemokratirettleiar i samband med kommunereforma. Leveransane i dette arbeidet kjem vinteren og våren 2015. På oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider vi også med å kartlegge resultata frå Bulystprogrammet.

## Vere en effektiv og velfungerande organisasjon

Distriktssenteret legg vekt på å vere ein organisasjon sjølv om vi har avdelingar i Steinkjer, Sogndal og Alstahaug. Mykje av arbeidet vårt er lagt opp som samarbeid mellom medarbeidarar på fleire avdelingar.

### *Strategisk perspektiv*

Leiargruppa har i 2014 arbeidd med å ha et strategisk perspektiv som går ut over handlingsplanen sitt eittårige perspektiv. Overgangen frå 2013 til 2014 utfordra oss til å ta tak i nye, store oppgåver som kommunereforma og Byregionprogrammet. Vi meiner Distriktssenteret organisatorisk møtte den utfordringa godt, sjølv om det har vore bruk for fagleg og oppdragsmessig avstemming med departementet. Vi ser at vi må vere være rusta til å levere på nye oppgåver vi får tildelt eller som blir etterspurt frå målgruppa.

Det gjer at vi ønskjer å:

- tenkje og arbeide langsiktig både i planverk og fagleg arbeid.
- vere i forkant av utviklingstrekk og målgruppa sine behov og etterspurnad.
- vere proaktive i rolla som premissleverandør.
- forstå distrikts- og regionalpolitiske prosjekt som kan bli aktuelle for oss.
- ha evne til å snu oss raskt, levere på nye oppgåver og utfordringar, og prioritere riktig.

### *Ny arbeidsform*

Frå januar 2014 la vi om arbeidsforma. Dei siste årene har vi hat tre team, sett saman av rådgjevarar frå fleire avdelingar. Medarbeidarundersøkinga i 2013 gav oss klare signal om at teamorganiseringa ikkje vart opplevd som effektiv. No har vi avvikla teama og legg større vekt på avdelingane som faglege verkstader. Samtidig innførte vi prosjektmetodikk som arbeidsform med vekt på kjeda mål – framdrift – resultat. Omlegginga er jamt over godt mottatt internt. Leiargruppa er overtydd om at vi ikkje hadde klart å levere så godt i 2014 utan denne endringa i arbeidsform. Vi legg framleis stor vekt på å fungere som eitt senter og samarbeide på tvers av avdelingsgrensene.

### *Styrka analysefunksjon*

Evalueringa frå Oxford Research konkluderte mellom anna med at vi ikkje har vore gode nok til å samanstilt og syntetisere data. Dette såg vi før evalueringa starta, og tidleg i 2014 tilsette vi *fagansvarlig analyse.* Ved anna rekruttering har vi også lagt vekt på å finne medarbeidarar med analytisk erfaring og kompetanse.

Vi har også endra utgreiingsgruppa sitt mandat og arbeidsform. Utgreiingsgruppa skal samordne og kvalitetssikre både det interne samanstillingsarbeidet og forskingsbestillingane våre.

### *Verktøy*

Videokonferanse er eit av fleire viktige verktøy for å kunne fungere effektivt saman på tre ulike stader. I starten av januar 2014 tok vi i bruk nytt videokonferanseutstyr og inngjekk avtale med nye leverandør, Videonor. Vi opplever betre kvalitet og stabilitet enn på utstyret frå 2008. I tillegg har vi fått eigne PC- og iPad-klientar til alle medarbeidarane og utvida frå eit til tre virtuelle møterom. Timetal for bruk av videokonferanseutstyr er ikkje i seg sjølv eit effektivitetsmål. Til ein viss grad er det snakk om møter som elles ville ha vore gjennomført ved reise for våre medarbeidarar eller eksterne samarbeidspartar. Hos oss er videokonferanse like mykje ein arbeidsmåte. Størstedelen av dei nærare 750 timane eit av dei virtuelle møteromma var i bruk i fjor er interne møte eller arbeidsøkter der medarbeidarar frå ulike avdelingar arbeider saman. Leiargruppa i Distriktssenteret vurderer videokonferanseutstyret til å vere eit godt verktøy for å kunne samarbeide effektivt mellom tre avdelingar.

I 2014 har vi også endra sentrale deler av IT-systema våre. Vi har gått vekk frå ei ASP-basert terminalserverløysing til ei løysing der vi både har dokumenthandsaming og intranettfunksjonalitet gjennom SharePoint. Dette har betra oversikten over filer og dokument, og det har gitt ryddigare internkommunikasjon. Talet sende gruppe-epostar er sterkt redusert etter denne omlegginga, og viljen til å endre arbeidsmåtar har vore ganske stor.

## *Ressursbruk*

Det var uttrykt eksplisitt i tildelingsbrevet at Distriktssenteret i 2014 skulle prioritere oppgåvene *Ressurssenter for kommunesamanslåingar* og *Utviklingsprogram for byregionar*. Vi har brukt omlag 2/3 av rådgjevarressursen på desse oppgåvene i 2014.

Den økonomiske ramma vart redusert frå 32 millionar kroner til 28,2 millionar kroner frå 2013 til 2014. Dette er ein reduksjon på 10 %. Arbeidet med utviklingskapasitet i små og utsette kommunar, som hadde med seg ei budsjettauke på fire millionar kroner i 2013, vart tona kraftig ned i 2014. Det har fanga opp mykje av reduksjonen. I tillegg har vi redusert posten for kjøp av utgreiingar. Vi har i staden lagt meir vekt på intern samanstilling av kunnskap. Ein fyldigare omtale av den økonomiske situasjonen ligg i del VI – Årsrekneskap.

## *Oppdrag i tildelingsbrevet*

Her presenterer vi eit utval av aktivitetane som er gjennomført i 2014. Oppgåver frå tildelingsbrevet som ikkje er nemnt her er utført etter planen og rapportert om i styringsdialogen gjennom året.

### Ressurssenter for kommunereforma

Ved Stortinget si handsaming av kommuneproposisjonen 2015 fekk Distriktssenteret i oppgåve å støtte prosessrettleiarane hos fylkesmennene med fagkunnskap både om erfaringar frå tidlegare samanslåingar og med råd om organisering av dei lokale prosessane. Vi har ein intern koordinator for arbeidet, og ei arbeidsgruppe som brukar mesteparten av tida si på denne oppgåva. I tillegg har fylkeskontaktane med sin lokalkunnskap om kvart fylke teke ansvar for å følgje prosessane lokalt og ha kontakt med prosessrettleiarane.



Illustrasjonen vi har utvikla til bruk i samband med kommunereforma.

Det har vore tett dialog med Kommunal- og moderniseringsdepartementet om korleis denne oppgåva skal løysast, og korleis leveransane skal vere. Etter nokre utfordringar med å avstemme forventningane, vurderer vi det slik at vi har god dialog og leverer i samsvar med oppdraget. Samtidig har vi ein viss etterspurnad etter kunnskap og rettleiing direkte frå enkeltkommunar. Vi legg vekt på at vi i den grad vi har møter kommunar om kommunereforma, gjer det i grupper av kommunar og i samarbeid med fylkesmannen. Vi har hatt omfattande kontakt med fylkesmennene. Tidleg på hausten 2014 hadde vi møter med fylkesmannsembeta i Hedmark, Oppland, Nordland, Finnmark, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Aust-Agder, Vest Agder, Buskerud, Nordland, Troms, Telemark, Østfold, Akershus og Oslo.

Ved sida av kartlegginga av tidlegare samanslåingsprosessar, som er omtalt over, har vi arbeidd med andre måtar å hente inn kunnskap på. Gjennom faglege verkstader der både forskarar og praktikarar har delteke, har vi arbeidd med kunnskapsbygging kring identitet og nærdemokrati i kommunereforma. Vidare har vi etablert ei tankesmie der vi gjennom kunnskapsdialog skal få fram kunnskap vi kan bruke i rettleiarrolla vår og i formidling.

### Utviklingsprogram for byregionar (ByR)

I Utviklingsprogrammet for byregionar (Byregionprogrammet) er Distriktssenteret si hovudoppgåve etablering og drift av eit nasjonalt læringsnettverk og kunnskapsutvikling.



Illustrasjonen vi har utvikla for å symbolisere byregionar.

I samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet organiserte vi oppstartssamling (mars) i nettverket i samarbeid med KMD, og to nettverkssamlingar (mai og november). Nettverkssamlingane hadde rundt 200 deltakarar, og alle 33 regionane var representert. Vi har gjennomført kurs i prosessleiing. Mellom samlingane har vi hatt kontakt med prosjektleiarane i byregionane for å avklare og følgje opp behovet deira for fagleg støtte. Vi har lagt til rette for kunnskapsdeling gjennom nettsida

vår[4]. Her ligg også video av foredrag og presentasjonar frå samlingane.

Vi har teke initiativ til arbeidsverkstad med deltakarar frå fire forskingsmiljø, Innovasjon Norge og Pandagruppen for å byggje kunnskap om gode måtar å tilnærma seg ein heilskapleg samfunnsanalyse om samhandling i ein region.

## Statens pris for attraktiv stad

Distriktssenteret har vore sekretariat for **Statens pris for attraktiv stad**. I 2014 vart Kongsberg utnemnt til vinnar. Juryen la til grunn at Kongsberg har ei retning og kvalitet på utviklinga si som gjer at byen er eit godt førebilete for andre norske byar og tettstader. Det kom inn 500 nominasjonar på 251 stader etter ein vellukka nominasjonskampanje gjennom Facebook. Det vart også gjort eit godt blestarbeid, spesielt gjennom distriktssendingane på NRK radio. Juryen, som var leia av Erling Dokk Holm, plukka ut Svolvær, Kongsberg, Holmestrand, Mandal og Jessheim som finalistar.

## Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Satsinga vert avslutta etter 2014. Distriktssenteret har fått laget fem filmar[5] som presenterer Telemarksforsking/AFIs gode råd for god samfunnsutvikling.

## Bulyst

Bulystordninga er også under avvikling. Distriktssenteret arbeider med ein sluttrapport som skal identifisere erfaringar og resultat av arbeidet. Denne skal vere ferdig i 2015. I 2014 har vi samarbeidd med Kommunal- og regionaldepartementet og Sør-Trøndelag fylkeskommune om ein nasjonal erfaringskonferanse for bulystprosjekt som har tilflytting og inkludering som tema. Saman med Nordland fylkeskommune gjennomførte vi eit seminar for 18 deltakarar frå 8 ulike bolystprosjekt i Nordland med vidareføring og implementering av arbeidet i bolystprosjekta etter avslutta prosjektperiode som tema.

[4] www.distriktssenteret.no/byregionprogrammet
[5] http://distriktssenteret.no/2014/10/08/fem-filmar-om-lokalt-utviklingsarbeid/

## Styrke utviklingskrafta til utsette kommunar (Småkommuneprogrammet).



Denne illustrasjonen er brukt som kjenneteikn på Småkommuneprogrammet.

Programmet starta som ei femårig satsing i 2013. Distriktssenteret har hatt som oppgåve å utvikle eit fagleg program for satsinga i den enkelte kommune, samarbeide med fylkeskommunane om opplæring og oppfølging og gje samla rapportering frå kommunane. I 2014 vart det ikkje gitt øyremerka midlar til programmet. Året har blitt brukt til å gje eit fagleg tilbod til dei 41 deltakarkommunane og førebu utfasing. 21 kommunar har bruk tilbodet om fagleg bidrag til å styrke utviklingskapasiteten sin. Distriktssenteret har brukt rundt to årsverk og ein million kroner på dette arbeidet i 2014. Det vert levert eigen rapport for dette arbeidet i 2015.

## Utgreingsoversikt

| Rapporter, utredninger sammenstillinger | Kommentar | Tidspunkt/ frist | Type | Interesse for KMD |
|---|---|---|---|---|
| Utvikling i, og samspill mellom, byene og deira omland | Østlandsforsking. Til workshop. | April 2014 | Notat | Byregionprogrammet |
| Regionalt samspill og vekst -i lys av attraktivitetsmodellen | Telemarksforsking. Til workshop | April 2014 | Notat | Byregionprogrammet |
| Samfunnsanalyser i Byregionprogrammet | Oxford Research. Til workshop | April 2014 | Notat | Byregionprogrammet |
| Utviklingskapasitet i 41 småkommunar | Trøndelag Forsking og Utvikling. En samanstilling og dybdeanalyse basert på statuskartleggingane gjennomført vinter 2013/2014 o.a. tilgjengelig kunnskap. | Levert september 2014 | Rapport | Kva kjenneteiknar små kommunar, kva skjel dei og kva er relatert til størrelse vs. andre forhold. |
| Innvandrarens betyding for regionale arbeidsmarknaden | NIBR gjennomfører studien. Vi samarbeidar med IMDI om studien | Juni 2015. | Rapport | Avdekke potensialet for å styrke regionale arbeidsmarknaden gjennom å ta i bruk tilgjengelig kompetanse |
| Kommunesamanslåing og identitet – betyr identitet noe i teknokratenes lekegrind? | Bygdeforsking. Til en workshop om identitet i kommunereforma | Juni 2014 | Notat | Kunnskap om korleis identitet og tilhørighet verkar inn i en kommunesamanslåingsprosess |
| Kommunesamanslåing og regional utvikling. Betydning av identitet og tilhørighet | Telemarksforsking. Til workshop | Juni 2014r | Notat | Kunnskap om korleis identitet og tilhørighet verkar inn i en kommunesamanslåingsprosess |
| Sosialpsykologiske perspektiver på kommunesamanslåings-prosesser: Rekategorisering og truede sosiale identiteter | Sigrun Marie Moss, stipendiat i sosialpsykologi. Psykologisk institutt. NTNU. Til workshop | Juni 2014 | Notat | Kunnskap om korleis identitet og tilhørighet verkar inn i en kommunesamanslåingsprosess |
| Hode og hjerte? Lyst eller smerte? Om lokal identitet og tilhørighet i kommunereformen | NIBR. Til workshop | Juni 2014 | Notat | Kunnskap om korleis identitet og tilhørighet verkar inn i en kommunesamanslåingsprosess |
| Identitet og kommunesamanslåing – Kva kan vi lære av forskinga på fusjonar og oppkjøp? | Helene Loe Colman, Handelshøyskolen BI | Juni 2014 | Notat | Kunnskap om korleis identitet og tilhørighet verkar inn i en kommunesamanslåingsprosess |
| Samarbeidsformer mellom byer og deira omland for å fremme vekst | Del av kunnskapsgrunnlag i Byregionprogrammet (BYR). Oxford gjennomfører oppdraget | Nov 2014 | Rapport | Kunnskap som skal komme deltakarane i Byregionprogrammet direkte til nytte |
| Bustadpreferansar i distrikta | NIBR. Kva bustad og bumiljø betyr for busetting og tilflytting i distrikta, og kva som er etterspurte kvaliteter ved bustad, bumiljø og stad. Casestudie. | Levert februar 2014 | Rapport | Nye befolknings-grupper, endra livsstiler og bustad-preferansar utfordrar bustadutviklinga i distriktskommunar |
| Eldsjeler og lokalt utviklingsarbeid | NIBR. Om kva som fremmer og hemmar eldsjelers innsats i lokal samfunnsutvikling | Levert april 2014 | Rapport | Korleis kommunar kan styrke sin utviklingskraft gjennom aktiv samhandling med eldsjeler |
| korleis legger kommunar til rette for medverknad frå barn og unge i planarbeid og i lokalt utviklingsarbeid? | Trøndelag Forsking og Utvikling. Casestudie av noen distriktskommunar som har lukkast med å involvere barn og unge i planarbeid og lokalt utviklingsarbeid | Levert mai 2014 | Rapport | Ny kunnskap om og konkrete eksemplar på korleis jobbe med medverknad frå unge |
| Gode eksempel på bustadstrategiske tiltak | Rambøll. Formålet er dokumentasjon og formidling av gjennomførte satsingar og utprøvde bustadpolitiske tiltak i distriktskommunar. | Levert juni 2014 | Rapport | Dokumenterer tiltak som er prøvd ut, korleis kommunen har jobba og resultata |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Regionalparker i Norge | KDU. Kartlegging av samarbeid og resultat i seks regionalparker. | Ferdig mai 2014 | Rapport | Kunnskap om result og meirverdi av regionalpark som konsept |
| Samanstilling av kunnskap og erfaringar frå kommunesamanslåings prosesser | KDU. Basert på 7 gjennomførte samanslåingar og 7 prosesser som ikkje ende i samanslåing. | Ferdig august 2014 | Rapport | Særlig om betydinga av premisser og prosess for utfall. Erfaringar med overføringsverdi til kommunereform. |
| Sosiale kommunar | Gjennomført av «I all offentligheit» og undersøkte korleis *kommunar og fylkeskommunar ser på sosiale mediar som kommunikasjonsverktøy* | Levert august 2014 | Rapport | Oppdraget er relatert til korleis involvere og engasjere innbyggjarar |
| Nærdemokrati - kunnskap og erfaringar | TFoU. På grunnlagt av innleverte notat frå NIBR, Norut og Institutt for samfunnsforsking og workshop | Des 2014 | Rapport | Til kommunereforma. Samanstilte notater frå tre forskingsmiljø, erfaringar frå to kommunar og gruppearbeid på et verksted om nærdemokratiske ordningar. |

**Tabell 2** Rapportar og notat bestilt eller levert frå forskingsmiljø i 2014, samt våre eigne rapportar.

## *Ekstern evaluering*

På oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjennomførte Oxford Research en evaluering av Distriktssenteret i 2013/14. Evalueringsrapporten ble levert i mars 2014. Oppfølging av rapporten har vore tema både med alle tilsette, i fagrådet for Distriktssenteret og i styringsdialogen

Endra oppgåver og rammer har gjort at vi ikkje ser det som naudsynt å følgje alle tilrådingane opp aktivt. Vi meiner nye oppgåver har gjort vår rolle og grenseoppgang mot fylkeskommunen klarare. Målgruppa har endra seg som følgje av nye oppgåver, og kapasitetsomsyn gjer at vi prioriterer ned dei som tidlegare har brukt oss mye.

I 2014 har vi prøvd ut nye måtar å samarbeide med forskingsmiljø. I kommunereformarbeidet har vi arrangert ei tankesmie med kunnskapsdialog som metode. På fleire fagområde har vi arrangert arbeidsverkstader der vi har invitert forskingsinstitusjonar til å levere fagnotat, leggje fram kunnskap og vere i dialog både med kvarandre, representantar for kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, departement og oss. Vi har også kjøpt kompetanse og kapasitet frå forskingsmiljø i kartleggings- og samanstillingsarbeid vi sjølv står for. Nettverkssamlingane i Byregionprogrammet har også representert ei ny og viktig arbeidsform for kunnskapsinnhenting, formidling og dialog med forskingsmiljø, kommunar og regionar.

I evalueringsrapporten er premissleverandørrolla vår snevra inn til berre å gjelde våre skriftlege bidrag til stortingsmeldingar. Vi meiner premissleverandørrolla er breiare, sjå meir om leveransane våre på dette området i del II. Erfaringa vår er at leveransar til departementet frå oss som premissleverandør blir best om vi har tett dialog om forventningar og presentasjonsformer. Vi opplever at vi har utvikla eit godt samarbeid med ulike avdelingar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å sikre god oppgåveforståing framover.

Med utgangspunkt i evalueringa, tilbakemeldingar frå samarbeidspartnarar og signal frå departementet, har vi brukt ein del ressursar på å vurdere namnet vårt i 2014. Målet var då å finne eit namn som skulle vere meir relevant for alle i målgruppa vår. Problemstillinga har vore oppe i styringsdialogen, i fagrådet og i interne prosessar. Vi engasjerte også NameABrand til å bidra i den kreative prosessen, og sat att med forslaget *Senter for samfunnsutvikling*. Tidleg i 2015 valde vi å ikkje gå vidare i prosessen med namneendring. Å byte namn kan gi betre posisjonering. Samtidig er det knytt både økonomiske, ressursmessige og kommunikasjonsmessige kostnader til ei namneendring. Desse har vi veid opp mot fordelane ved å bytte namn. Vi var ikkje trygge på at namneforslaget ville gje den beste skildringa av det vi gjer. I tillegg viser kommuneundersøkinga[6] at vi er betre kjent enn nokon gong – med det namnet vi har.

[6] sjå vedlegg 1

## Del IV - Styring og kontroll

